



Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Tu skule

Dato: Måndag 01.09.25

Til stade:

- Vibeke Sola, rektor
- Mari Søyland, foreldrerepresentant
- Olav Risa, foreldrerepresentant
- Anita Holen, tilsett
- Lene Hauge Klepp, tilsett
- Hilde Ueland, tilsett
-

Ikkje møtt:

- Emily Mcnicol, elevrepresentant
- Helle Sandanger, elevrepresentant
- Vilde Bilstad, politisk representant
-

1/2025-2026 Oppstart skuleåret 2025-2026+ konstituering av ny leiar

Det blei vist bileter frå oppstarten, og av dei tilsette på skulen.

Val av leiar: utsett pga få deltakarar.


2/2025-2026 FAU

Informasjon frå FAU og planar for året:

- FAU vil oppfordre til å følge anbefalingar for sosiale medier og retningslinjer om aldersgrenser.
- FAU ønskjer fokus på at sosiale arrangement, bursdagar og filmkveldar vert gjennomført på rette og gode måtar.
- Fokus på trafikktryggleik vil halde fram.
- Fokus dette året vil og vere å styrke heim-skule-samarbeidet, der ein særleg ser på kva foreldrerolla inneber.
- Det er laga eit utkast til årshjul, og til våren arbeider ein med å få Pål Roland til å koma å halde eit føredrag. Evt. booke han inn for neste skuleår igjen.

3/2025-2026 Elevråd

Elevrådet skal ha sitt første møte torsdag 04.09, og har altså ikkje kome i gang med arbeidet. Av erfaring veit me at dei vil ha mykje av dei same turneringane og arrangementa frå år til år: fotball og handballturnering, bordtennis og sjakk, teiknekonkurranse, baking og utdeling av peparkaker eller bollar, og sal av kaker på foreldremøter.



Med blikk for alle



4/2025-2026 SFO

SFO har hatt ein god oppstart. Dei er fleire ungar dette året, enn det har vore før (84). Dei har organisert seg på ein ny måte, som dei er godt nøgd med. Dei er meir samla og nyttar meir av arealet. Dei har kokk, to lærlingar og grei bemanning elles.

Satsingar: Leik og kultur, mat og måltidsglede.

Dei har mykje god leik, både inne og ute. Har diskutert om uteleiken skulle vore meir organisert t.d i form av meir tur. Turane treng ikkje vere lange (lokal leikeplass eller ungdomskulen) og alle treng ikkje gå på tur kvar gong. Det er vaksne ute i ballbingen og tarzanløypa, men uteområdet er stort og til tider avgrensar dei det slik at elevane berre er på framsida.

Tid for lesing: eigne tema for kvar månad, med mange nye bøker om tema og kreative oppgåver.

Ungane liker det veldig godt.

God prat rundt måltida. Opplegg for 3. og 4. trinn (i første omgang: «Matjungelen». Dei får ta del i matlaging saman med kokken og lærlingane.

Alle SFO-leiarar skal på digitalt kurs om «Inkluderande SFO»

5/2025-2026 Politisk

6/2025-2026 Utviklingsplanen

Skulen har Oracy som satsingsområde dette skuleåret. Skuleåret starta med felles planleggingsdag for heile kommunen i Storstova, med føredrag om «Oracy». Oracy er ei utvida forståing av munnlege ferdigheiter, der ein har fokus på kroppsspråk, å lytte og utvikle gode ferdigheiter til å samhandle med andre. Deltakarane i SU godkjende utviklingsplanen.

7/2025-2026 Høyring skulebruksplanen

Me stiller oss litt undrande til forventa elevtal. Med tanke på all utbygginga som skjer på Tu ville me trudd at elevtalet skulle opp om få år?

Dersom det likevel er reelt at me får ei varig nedgang i elevtalet – er det eit alternativ å selje elevplassar til Time kommune?

8/2025-2026 Møteplan

Me diskuterte kva som er best møtetidspunkt for å få med oss alle, og landa på at måndag kl.15.30.


Datoar for dette skuleåret:

- Måndag 24.11.25, kl.15.30
- Måndag 09.02.26, kl.15.30
- Måndag 08.06.26, kl.15.30

NB: Det er viktig at dei som ikkje kan stilla på møta, gir beskjed i god tid.

Referent

Hilde Johanne Ueland Bjørnevik



Med blikk for alle